



I ettermiddag har en stor redningsaksjon vore igang i fjellet mellom Fjellandsbø og Tveitedalen etterat ein skuleklasse frå Sauda med 22 elevar og 2 lærarar vart ramma av steinras,

Ulkka skjedde då klassa var undervegs og 4 elevar vart skadde. Ved hjelp av helikopter frå redningstenesten vart ein elev henta ut medan 3 framleis låg i fjellet, Grunnen til at ikkje desse var berga var problematiske vertilhøve med regn og skodde. Ikkje før klokka 18.30 kunne ytterlegare 2 varta henta ut med helikopter og frakta til Haukeland. Den siste vart transportert over Tveitedalen og Utåker.



Redningsaksjonen vert organisert frå Uskedalen der det er stor mobilisering av ambulansar, helikopter og politi. 2 helikopter er i aksjon, både luftambulansen og redningshelikopteret.



Den siste luft-transporten starter frå Uskedalen ved 18.30-tida tysdag kveld. Det vart ein travel dag for 2 helikoptere, og begge - med mannskap - gjorde ein god jobb

Det var klokka 12,21 alarmen gjekk. Det skal vere lettare brotskadar elevane har fått. 2 av dei 3 må hentas på bære av Raude Kors medan den siste kan transporterast i helikopter, vart det meldt ved 15-tida.



Klar for siste transport tysdag kveld

Lensmann Jan Ludvik Fosse sa i 15-tida til Bergens Tidende at to av elevane var henta ned, ein med helikopter. Den andre, med skada hand eller finger, skal ha kome seg ned til fots. Dei er sendt vidare til sjukehus.

Dei to siste elevane vert frakta ned på bære, og det skal vera medelevar som ber dei.

- Dei skal møtast av politi og Røde Kors lengre nede i fjellet, vert det opplyst.

Klokka 18.17 la NRK Hordaland ut følgjande melding:

Ei lokal redningsgruppe er straks framme ved rasstaden i Uskedalen, der fire skulejenter vart treft av eit steinras tidlegare i dag. Tre av dei er henta ned i tryggleik. – Vi har bra kontroll no. Vi reknar med at den siste jenta er komen ned frå fjellet trygt om ein halvanna time, seier innsatsleiar Håkon Tørvik til NRK.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen/Thor Inge Døssland.